

Saksbehandlar: Stig Vattekar, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 14/2472-2

## Tertialrapport 1/14

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

### A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2014

1. Rammetilskotet vert auka med netto 0,056 mill. kr.
2. Budsjetterte renteinntekter vert auka med 5,000 mill. kr.
3. Budsjettert utbytte vert redusert med 5,600 mill. kr.
4. Budsjetterte konsesjonskraftinntekter vert redusert med 8,300 mill. kr.
5. Bruk av fond til drift og vedlikehald Kunstmuseet med 0,660 mill. kr
6. Fonda for unytta INU- og Breibandmidlar vert samla tilført 0,162 mill. kr.
7. 69,410 mill. kr knytt til administrasjonsutgifter vert fordelt frå sektoren forvaltning til dei andre sektorane i samsvar med vedlegg 1.
8. Samla saldering av driftsbudsjettet medfører ein reduksjon i avsetning til bufferfond på 18,346 mill. kr
9. Sektorbudsjettet til forvaltning vert redusert med 0,250 mill. kr  
*Teneste 4005 Eigendelsmidlar vert redusert med 0,250 mill. kr.*  
*Teneste 4800 Juridiske honorar får styrka budsjetterte inntekter og budsjetterte utgifter med 2,500 mill. kr.*
10. Sektorbudsjettet til kultur  
*Teneste 7500 Kulturminnevern vert styrka med eigendelsmidlar 0,250 mill. kr.*
11. Sektorbudsjettet til opplæring vert styrka med 10,000 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 5701 Tilskot til lærebedrifter vert styrka med netto 10,000 mill. kr*  
*Teneste 5211 Gratis læremiddel vert redusert med 1,814 mill. kr*  
*Teneste 5151 Fellesutgifter vert styrka med 1,814 mill. kr.*
12. Sektorbudsjettet til samferdsle får gjennomført slike omdisponeringar:  
*Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering får tilført 18,750 mill. kr.*  
*Teneste 7222 Drift og vedlikehald av fylkesvegar vert redusert med 11,000 mill. kr.*  
*Teneste 7300 Buss – kjøp av teneste vert redusert med 8,100 mill. kr.*  
*Teneste 7321 Båt – skuleskyss/veglause grender vert redusert med 0,500 mill. kr.*  
*Teneste 7322 Båt – Ekspress- og lokalruter vert redusert med 1,700 mill. kr.*  
*Teneste 7301 Buss – skuleskyss grunnskulen vert auka med 2,300 mill. kr.*  
*Teneste 7306 Diverse kollektiv vert auka med 0,250 mill. kr.*

## B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2014

1. Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.
2. Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.

## C. Andre område

1. Budsjettreglementet vert endra i samsvar med vedlegg 4.
2. Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.
3. Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.

### Vedlegg:

1. Fordeling av administrasjonsbudsjett etter KOSTRA
2. Investeringsprogram for bygg
3. Investeringsprogram for fylkesveg
4. Endringar i budsjettreglementet
5. Rapportering på finansporteføljen 30.04.2014
6. Rapportering på konsesjonskraftomsetjing per 30.04.2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. ØKONOMISK STATUS**

Den økonomiske stoda pr. første tertial 2014 viser at budsjetttrammene må oppjusterast med netto 18,3 mill. kr. Oppjusteringa vert finansiert ved bruk av overskot frå rekneskap 2013.

Overskotet i 2013 er tilrådd avsett til bufferfondet gjennom rekneskapsaka – som vert fremja parallelt med tertialrapportsaka. I praksis vert salderinga av tertialrapporten difor løyst ved å justere ned budsjettetert avsetjing til bufferfondet i budsjett 2014.

Fylkesrådmannen er uroa over den auken vi no ser i netto budsjetttrammene for 2014. Det er to hovudgrunnar til denne auken; svikt i lokale inntekter på til saman 13,9 mill. kr og prognostisert auke i tilskot til lærebedrifter på netto 10,0 mill. kr. Begge tilhøva forplantar seg i rammene for dei komande budsjettåra.

Dette blir spesielt utfordrande sett i lys av framlegget til nytt inntektssystem som er lagt fram i kommuneproposisjonen for 2015. Vert dette framlegget vedteke, vil vi få ein reduksjon i dei statlege overføringane på 25 mill. kr i 2015, aukande til ein årleg reduksjon på 235 mill. kr frå 2019. I tillegg vil vi få reduksjonar som følgje av nedgang i elevtalet dei komande åra.

Fylkesrådmannen prioriterer no arbeidet med å legge til rette for politisk påverknadsarbeid å få redusert denne inntektsreduksjonen. Det vil bli gitt eit samla oversyn over den økonomiske situasjonen i arbeidsdokumentet til finansutvalet 18. juni.

Verknadane av nytt inntektssystem er forøvrig sett opp som tema på politikardagen 26. mai.

Gjennom tertialrapporten vert det lagt opp til ei omdisponering innafor opplæringssektoren for å finansiere nytt felles skuleadministrativt system (SAS).

Forvaltning får tilført 2,5 mill. kr frå forliket med Asplan Viak AS. Dette får ikkje salderingsmessige konsekvensar.

Samferdslesektoren har til saman 18,8 mill. kr i innsparingar på drifta. Desse midlane er tilrådd omdisponert innafor sektoren. Største delen går til å dekke inn tapt mva-kompensasjon på 14,9 mill. kr i 2013.

For investeringsbudsjettet er hovudtyngda av justeringar innan bygg oppattløyving av ubrukte midlar i 2013. På veg/samferdsle er det gjort driftsinnsparingar som til saman gjer at vi kan overføre 18,8 mill. kr til investeringar. Når det gjeld løyvinga til elektronisk billettering, får vi ei innsparing på 2,0 mill. kr.

## **2. DRIFTSBUDSJETTET**

### **2.1 Fylkesskatt og statlege overføringer**

#### Skatteinngang

Samla skatteinngangen for fylka syner ved utgangen av mars ein vekst på 4,0 % i høve same periode i fjor. For mars månad isolert sett, var skatteveksten 4,6 %. Fylkeskommunane sin samla skatteinngang er interessant for oss fordi med noverande system for inntektsutjamning, vil Sogn og Fjordane fylkeskommune få nærare 99% av skatteinngangen for landet. Etter berre tre månader skatteinngang, er det for tidleg å legge inn endringar i vedteke budsjett.

#### Rammetilskot

Ved endeleg saldering av statsbudsjettet for 2014, vart det gjort nokre små justeringar som ikkje er innarbeidd i gjeldande budsjett. Desse utgjør netto 0,056 mill. kr.

### **2.2 Renteinntekter/-utgifter**

Fylkeskommunen har dei siste åra fått meir i renteinntekter enn opphavleg budsjettet. For 2014 er vedteke budsjett auka i høve tidlegare år, sidan erfaringane tilseier ein høg gjennomsnittslikviditet gjennom året. Prognosane for 2014 tilseier at gjennomsnittslikviditeten er om lag som forventa, men avkastninga på plasserte midlar er høgare enn budsjettet. For 2014 er det budsjettet med 14,400 mill. kr i renteinntekter. Rentesatsane vi har oppnådd, og som vi forventar resten av året er vesentleg høgare enn vi la til grunn i budsjettet. Fylkesrådmannen vil utifrå dette tilrå å auke budsjetterte renteinntekter i 2014 med 5,0 mill. kr, til 19,4 mill. kr.

### **2.3 Lokale inntekter**

#### Utbytte

Styret i SFE har foreslått for generalforsamlinga eit utbytte på 101 mill. kr. Generalforsamlinga skal handsame dette 20. juni. Ut frå eigarfordelinga betyr dette 48,4 mill. kr til fylkeskommunen. I budsjettet for 2014 la vi til grunn eit utbytte på 54,0 mill. kr. Vi må derfor redusere denne inntekta med 5,6 mill. kr.

Frå F1 Holding er det ikkje venta utbytte i 2014.

#### Konsesjonskraft

I a.dok. 2/14 la vi fram prognosar for konsesjonskraftinntekter basert på prisar per 12.03.14. Vi såg forholdsvis store avvik frå forventa inntekter i budsjett/økonomiplan. Dette skuldast ein kombinasjon av volumnedgang, auka innmatingskostnader og lågare marknadsprisar.

Tertialrapport 1/14 (vedlegg 6), basert på prisar i marknaden per 30.04.2014, viser at det er behov for å nedjustere konsesjonskraftinntektene i 2014 med 8,3 mill. kr i høve gjeldande budsjett

Prognosane i vedlegg 6 viser også at det er behov for å gjere ytterlegare nedjusteringar i økonomiplanen for åra 2015-18. Dette kjem fylkesrådmannen attende til i neste arbeidsdokument til finansutvalet.

## 2.4 Renter på KMD-midler, kap. 551, post 61

Tildelte KMD-midler, kap. 551, post 61, er tilskot til næringsretta midlar for regional utvikling og utbygging av breiband og annan infrastruktur. I gjeldande regelverk er det eit krav frå KMD om at renteinntekter på midlane ikkje skal nyttast til andre føremål.

Foreininga INU-FSF har som formål å fordele tildelte næringsretta utviklingsmidlar. Før årsmøtet i INU-FSF i mars vart det gjort ein ny gjennomgang av tilførte renteinntekter for 2012 og 2013. Gjennomgangen viser at det for kap. 551, post 61, er det til saman for dei to åra avsett 0,162 mill. kr for lite i renter.

Fylkesrådmannen vil no rette opp denne feilen og tilrår å avsette 0,162 mill. kr i opptente renteinntekter til fond for unytta INU- og breibandmidlar. Gjennom komande budsjettprosess legg fylkesrådmannen opp til å vurdere praksisen for rentebereking på statlege overføringar med krav om tilførsel av renter på nytt.

## 2.5 Drift og vedlikehald Kunstmuseet

### Resultatoverføringsordning for drift og vedlikehald av Kunstmuseet

I tråd med avtale mellom Førde kommune og fylkeskommunen vart unytta investeringsmidlar i høve byggprosjektet KU001 «Sogn og Fjordane kunstmuseum» avsett til eit eige driftsfond som skal nyttast som buffer i høve framtidige vedlikehaldskostnader. Bygg- og eigedomstenesta i fylkeskommunen har påteke seg drift- og vedlikehaldsansvaret på vegne av dei to eigarane. Sogn og Fjordane fylkeskommune disponerer såleis det nemnde fondet. Dette er i tråd med føringane som er lagt til grunn i budsjett 2014.

Dei årlege drifts- og vedlikehaldskostnadane skal dekkast gjennom husleige. Eit eventuelt årleg meir-/mindreforbruk vert saldert mot fondet for å kunne møte årlege svingingar i vedlikehaldet på bygget. Fylkesrådmannen tilrår at denne disposisjons- og resultatoverføringsretten vert formalisert gjennom eit eige punkt i budsjettreglementet slik (sjå vedlegg 4):

«Driftsresultatet for kunstmuseet (overskot eller underskot) skal avsettast mot/dekkast av eit eige drift- og vedlikehaldsfond. Fondet vert disponert av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune».

### Bruk/avsetting av fond til drift og vedlikehald Kunstmuseet etter rekneskapen for 2013

Rekneskapen for 2013 syner ei innsparing på 0,240 mill. kr på drift og vedlikehald av kunstmuseet. Dette mindreforbruket er ikkje avsett til fondet til drift og vedlikehald i rekneskapsavslutninga.

Etter avtale med Førde kommune har fylkeskommunen rett til å nytte 0,900 mill. kr frå fondet. Dette er kostnader til byggeprosjektleiing som fylkeskommunen ikkje har fått dekning for.

Fylkesrådmannen tilrår med bakgrunn i dette at nettobeløpet på 0,660 mill. kr vert trekt frå fondet og tilført salderinga av tertialrapport 1/14.

## 2.6 Tilpassing til rett KOSTRA-føring - administrasjonsutgifter

For å sikre rett føring i høve KOSTRA er kostnader knytt til administrasjon som har vore budsjettert på forvaltning no fordelt på sektorbudsjetta.

Fylkesrådmannen tilrår at fullmaktene for fordelinga av administrasjonsutgifter knytt til sentraladministrasjonen ikkje vert endra. Dette inneber konkret at fylkesrådmannen har fullmakt til å fordele løyvinga til administrasjon og at det framleis er fylkestinget som har fullmakt til å endre nivået på løyvinga. Fylkesrådmannen ser behov for å oppdatere budsjettreglementet som følgje av KOSTRA-tilpassinga i budsjettet.

Fylkesrådmannen tilrår at tilpassingane i budsjettreglementet vert vedtekne i samsvar med vedlegg 4.

Administrasjonsutgiftene vert fordelt på sektorane i samsvar med vedlegg 1.

## 2.7 Forvaltning

### Teneste 4005 Eigendelsmidlar

Fylkesutvalet vedtok i sak 54/14 at fylkeskommunen sin del av finansieringa av prosjektet «Reiseliv i industriens vogge» vert henta frå ufordelte eigendelsmidlar i 2014. Dette utgjer 0,250 mill. kr av eigendelspotten på 0,650 mill. kr og vert tilført teneste 7500 på kultursektoren.

### Teneste 4800 Juridiske honorar og rettssaker

I forlikssavtalen med Asplan Viak AS, knytt til rådgivingstenester i samband med tildeling av hurtigbåtkontraktane i 2007, har fylkeskommunen godteke eit oppgjer på 2,5 mill. kr. Midlane vert tilført teneste 4800 Juridisk honorar og rettssaker. Dette får ikkje salderingsmessig konsekvens i tertialrapporten.

## **2.8 Opplæring**

### Omdisponering frå teneste 5211 Gratis læremiddel til teneste 5151 Fellesutgifter

Fylkestinget vedtok i sak 08/12 at fylkeskommunen skal delta i det vidare samarbeidet mellom fylkeskommunane, organisert gjennom Vigo IKS, om innkjøp av eit felles skuleadministrativt system.

I HO-sak 3/14 *Finansiering av utvikling (kjøp) av nytt felles skuleadministrativt system* vart det gjort følgjande vedtak:

1. For 2014 vert 1,814 mill. kr til å finansiere kostnader ved utvikling (kjøp) av nytt SAS omdisponert frå teneste 5211 Gratis læremiddel til teneste 5151 Fellesutgifter.
2. Omdisponeringa vert handsama som ein del av tertiarapport 1/14.
3. For åra 2015-2017 må finansieringa innarbeidast i budsjett og økonomiplan.

Då omdisponeringa er mellom ulike programområde er det Fylkestinget som må gjere vedtaket. Fylkesrådmannen tilrår at 1,814 mill. kr til å finansiere kostnader ved utvikling (kjøp) av nytt SAS vert omdisponert frå teneste 5211 Gratis læremiddel til teneste 5151 Fellesutgifter.

### Teneste 5701 Tilskot til lærebedrifter

Tilskot til lærebedrifter har i vedteke budsjett for 2014 ei ramme på omlag 56 mill. kr. Budsjettert tilskot til lærebedrifter er ei anslagsløyving. Det vart gjort endringar i rammetilskotet for 2014 knytt til lærlingtilskot, og tenesta vart då styrka med 2,7 mill. kr.

Endeleg nivå på den særskilde auken i rammetilskotet var klart etter budsjettvedtak for 2014. Det nye nivået var 0,760 mill. kr lægre enn føreset. Fylkesrådmannen ser det som naturleg at budsjetttramma for tilskot til lærebedrifter vert nedjustert tilsvarande.

Prognosen for 2014 tilseier førebels eit meirforbruk i høve vedteke budsjett på om lag 14,5 mill. kr. Meirforbruket er knytt til auke både i tal tilskotsmånader og i tilskotssatsane utover føresetnadane i opphavleg budsjett.

I HO-sak 08/14 gjorde hovudutvalet ei omdisponering frå opplæringstilbodet til tilskot til lærebedrifter. For 2014 utgjer dette 1,9 mill. kr og heilårsverknaden frå 2015 vert på 4,2 mill. kr.

Samla prognostisert behov for styrking av budsjettet i 2014 vert ut frå dette på 12,6 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår i denne saka at opplæringsbudsjettet vert styrka med 10,0 mill. kr. Det inneber at hovudutvalet må arbeide vidare for å finne dekning for resterande 2,6 mill. kr.

Utover dette vil vi freiste å kartlegge om utfordringa knytt til auken i fagopplæringskostnadane er eit isolert problem for Sogn og Fjordane, eller om dette er ein trend på landsbasis.

Økonomiplanramma for 2015-18 vart endra i høve førebelse prognosar i arbeidsdokument 2/14. Eventuelle ytterlegare justeringar som følgje av meirbehovet vert handsama som ein del av budsjettprosessen.

## **2.9 Samferdsle**

Hovudutval for samferdsle (HS) har i følgje budsjettreglementet fullmakt til å overføre innsparde midlar frå kollektivområdet og ferjedrift til fylkesvegområdet. Fylkesrådmannen vel likevel å leggje fram tilråding til endringar på desse områda som ein del av denne saka, då tertialrapporten skal handsamast av m.a. hovudutvalet.

### Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering

Fylkesrådmannen tilrår i tertialrapporten å omdisponerer midlar frå teneste 7222 Drift og vedlikehald av fylkesvegar, teneste 7300 Buss – kjøp av teneste, teneste 7321 Båt – skuleskysse/ veglause grender og teneste 7322 Båt – Ekspress- og lokalruter til teneste 7221 driftsmidlar overført til investering.

Hovudårsaka til dette er at Skatt Vest avkorta fylkeskommunen sin MVA-kompensasjon for 4. termin 2013 med 14,9 mill. kr. Denne avkortinga har ført til at overførte investeringsløyvingar frå

2013 manglar nødvendig finansiering no i 2014. Fylkeskommunen har i brev dagsett 27.02.14 bedt Skatt Vest om ei ny vurdering av vedtaket. Både fylkesutvalet og finansutvalet er blitt orientert om denne saka tidlegare, seinast i arbeidsdokument 2/14. I tillegg er Stortingsbenken vår informert. I tillegg har fleire investeringsprosjekt auka kostnader i 2014 som må finansierast.

Det mindreforbruket vi no ser på både veg og kollektiv er difor tilrådd omdisponert til teneste 7221 driftsmidlar til investering for å dekke inn noko av meirbehovet på investeringsbudsjettet.

Fylkesrådmannen tilrår å auke løyvinga på tenesta med 18,750 mill. kr. Auken vert tilrådd dekkja inn ved å omdisponere:

11,000 mill. kr frå teneste 7222 Drift og vedlikehald av fylkesvegar  
 5,550 mill. kr frå teneste 7300 Buss – kjøp av teneste  
 0,500 mill. kr frå teneste 7321 Båt – skuleskyss/veglause grender  
 1,700 mill. kr frå teneste 7322 Båt – Ekspress- og lokalruter.

#### Teneste 7222 Drift og vedlikehald av fylkesvegar

I samband med FU-sak 14/14 «Reduksjon av budsjett 2014 som følgje av redusert ramme på kap. 551, post 60» la fylkesrådmannen opp til ein reduksjon i løyvinga til drift og vedlikehald på 1,8 mill. kr. Fylkesutvalet vedtok ikkje tilrådinga og løyving til drift og vedlikehald vart ikkje redusert.

Fylkesrådmannen har så langt i 2014 ikkje tildelt dette beløpet til Statens vegvesen. Statens vegvesen melder også no per 1. tertial om ein prognose på drift og vedlikehald som er om lag 1,7 mill. kr lågare enn tildelt beløp. Samla prognose på drift og vedlikehald av fylkesvegar er såleis 3,5 mill. kr i mindreforbruk.

Fylkesrådmannen vil ikkje no tilrå å endre løyvinga til Statens vegvesen, då prognosen for året er om lag på tildelt beløp. Ei eventuell justering vert å kome attende til i 2. tertial 2014. Fylkesrådmannen vil likevel tilrå å omdisponere 1,8 mill. kr frå drift og vedlikehald til teneste 7221 Driftsmidlar overført til investeringar.

Prognosen for mva. kompensasjon syner at vi vil få om lag 9,2 mill. kr meir enn føresett i budsjettet. Fylkesrådmannen vil tilrå å omdisponere midlane til teneste 7221 Driftsmidlar overført til investeringar. Dette vil ikkje ha konsekvensar for tildelt beløp til Statens vegvesen.

Samla sett vert budsjettet på teneste 7222 Drift og vedlikehald av fylkesvegar redusert med 11 mill. kr. Midlane vert tilrådd omdisponert til teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering.

#### Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste

Nedgang i tal rutekilometer og lågare drivstoffkostnad enn venta har ført til at budsjettert beløp kan nedjusterast med 5,800 mill. kr i 2014.

Møre og Romsdal fylkeskommune vil i 2014 betale ein kompensasjon for bussrutene på Kvivsvegen og Åheim - Ålesund for åra 2012 og 2013 på 2,300 mill. kr. Denne kompensasjonen var det ikkje teke omsyn til i budsjett for 2014.

Samla mindreforbruk på tenesta vert 8,1 mill. kr. Det vert tilrådd slik omdisponering av midlane:

2,300 mill. kr til teneste 7301 Buss – skuleskyss grunnskulen,  
 0,250 mill. kr til teneste 7306 Diverse kollektiv  
 5,550 mill. kr til teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering

Fylkesrådmannen vil gjere ei ny vurdering av løyvinga på tenesta i samband med rapportering per 2. tertial. Anbudskontrakten i Nordfjord startar opp i juni 2014 og vurderingar knytt til denne kontrakten kan vi tidlegast gjere då.

#### Teneste 7301 Buss – Skuleskyss grunnskulen

Busselskapa har meldt inn eit auka behov på bruk av undertransportørar enn føresett i budsjettet. Dette gir ein meirforbruk på 2,300 mill.kr i 2014. Auken vert tilrådd dekkja inn ved å omdisponere midlar frå teneste 7300 Buss – kjøp av tenester.

#### Teneste 7306 Diverse kollektiv

##### *Terminalar*

Det er budsjettert med 1,000 mill. kr i eigendelar til fire BRA-prosjekt. Vi har fått tildelt støtte til eitt av prosjekta med eigendel på 0,050 mill. kr. Dette gir eit mindreforbruk på 0,950 mill.kr.

Elektronisk billettering

Ved ferdigstilling av kontrakt på elektronisk billettering får fylkeskommunen ei rekning på 2,2 mill. kr. for ekstrabestillingar undervegs i prosjektet. Desse ekstrakostnadane er knytt til endringar og forbetringar av teknologisk art.

På grunn av forseinkingar hos leverandør av EMV-terminalar (EuroPay, MasterCard & Visa) som og skal nyttast i samband med elektronisk billettering, vil ikkje heile løyvinga til drift av desse bli nytta i 2014. Mindreforbruket er om lag 1,000 mill. kr. i 2014.

Samla vert det på tenesta eit meirforbruk 0,250 mill. kr i 2014. Auken vert tilrådd dekkja inn ved å omdisponere midlar frå teneste 7300 Buss – kjøp av tenester.

Teneste 7321 Båt – Skuleskyss/veglause grender

Prognosen for tenesta syner eit mindreforbruk på 0,500 mill. kr i 2014. Dette er knytt til båtruter til veglause grender. Tenesta vert tilrådd redusert med 0,500 mill. kr og midlane omdisponert til teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering.

Teneste 7322 Båt – Ekspress- og lokalruter

Prognosen på tenesta syner eit mindreforbruk på om lag 1,700 mill. kr. Dette skuldast at drivstoffkomponenten i kontraktane vert om lag 0,900 mill. kr rimeligare enn budsjettert. I tillegg er det inngått ein tilleggsavtale om redusert rutetilbod med Fjord1 for Indre Sogn som gir ein lågare kostnad med 0,800 mill. kr.

Tenesta vert tilrådd redusert med 1,700 mill.kr og midlane vert omdisponert til teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering.

Fylkesrådmannen vil opplyse at det er drøftingar med operatørane knytt til NOx- og CO2-avgift. Ev. økonomiske konsekvensar av desse drøftingane vil vi kome attende til pr. 2.tertial.

**3. KAPITALBUDSJETTET****3.1 Investeringsprogram for bygg og anlegg**

I tertialrapport 1/14 tilrår fylkesrådmannen å auke investeringsbudsjettet for bygg og anlegg i 2014 med 34,023 mill. kr. Auken kjem av forskyvingar i investeringsprosjekta og oppattløyving til prosjekt som ikkje er ferdigstilte.

Sektoren tannhelse hadde eit meirbruk på 1,102 mill. kr i 2013 og eit meirbehov til investeringar i 2014 på 3,000 mill. kr som dei dekker inn med avsette fondsmidlar i 2014.

I investeringsbudsjettet til samferdsle er det ei løyving på 4,700 mill. kr til elektronisk billettering. Denne skal nyttast til kjøp av billettmaskinar knytt til bussanbodet i Nordfjord. Prisen på desse maskinane vart lågare enn forventta og løyvinga kan reduserast med 1,950 mill. kr til 2,750 mill. kr

Vedlegg 2 syner oversikt over endringane i investeringsprogrammet med tilhøyrande finansieringsplan.

**3.2 Investeringsprogram for fylkesveggar**

I denne tertialrapporten legg fylkesrådmannen opp til ei samla auke i investeringsbudsjettet i 2014 med 13,9 mill. kr frå 345,5 mill. kr til 359,4 mill. kr. Budsjettet til skredsikring vert redusert med 12,9 mill. kr og ordinære investeringar vert auka med 26,8 mill. kr.

**Skredsikring på fylkesvegnettet**

Budsjettet til skredsikring blir samla redusert med 12,9 mill. kr.

<b>Endringar i Tertial 1/14</b>	<b>Beløp (i 1 000 kr)</b>
Overførte ubrukte midlar frå 2013	3,066
Samla mindreforbruk i tertialrapport 1/14	- 15,974
<b>Sum</b>	<b>12,908</b>

Tilhøyrande finansieringsplan vert tilrådd endra slik:

Finansiering	Budsjett 2014	Tertial 1/14	Revidert budsjett-14
Statleg tilskot	46,600	-12,974	33,626
Statleg tilskot, unytta midlar frå 2013	51,700	2,466	54,166
Mva. kompensasjon	20,100	-2,400	17,700
<b>Sum</b>	<b>118,400</b>	<b>-12,908</b>	<b>105,492</b>

I det følgjande vert det gjort nærmare greie for dei tilrådde endringane i investeringane på skredsikring. Detaljert investeringsprogram følgjer som vedlegg.

#### Overførte midlar frå 2013 – skredsikring

Fylkesrådmannen legg opp til å overføre meir-/mindreforbruk frå 2013 til dei aktuelle prosjekta i 2014. Samla var mindreforbruket i 2013 på 3,066 mill. kr. Mindreforbruket er ikkje ei innsparing på prosjekta, men skuldast lågare utbetaling enn forventa i 2013. Fylkesrådmannen vil difor tilrå å løyve opp desse midlane i 2014 med 3,066 mill. kr.

#### Samla mindreforbruk på skredsikringsprosjekt

Det blir rapportert om endringar som samla sett gir eit mindreforbruk på 15,974 mill. kr på skredsikringsprosjekta i 2014. Endringar som skuldast forskyving mellom år vert følgt opp med tilsvarende budsjettendring i 2015. Det vert lagt opp til følgjande endringar:

- Fv. 152 Algøya vert redusert med 2,7 mill. kr då sluttoppgjer truleg ikkje kjem til utbetaling før i 2015.
- Fv. 337 Buskredene vert redusert med 1,9 mill. kr. Prosjektet syner eit mindreforbruk som mest sannsynleg vert ei varig innsparing.
- Fv. 337 Bjødnabakken vert redusert med 12 mill. kr i 2014. Årsprognosen er uviss grunna tidspunkt for oppstart av tunneldriving. Den totale prosjektkostnaden er truleg noko lægre enn føreset.
- Fv. 92 Bjordal-Matre vert auka med 0,126 mill. kr til sluttfinansiering. Prosjektet er avslutta.
- Fv. 55 Rasvoll Renninganeset vert auka med 1 mill. kr. Det er nødvendig å leggje om ein høgspenkabel før prosjektet kan byggast. Dette vert føreslege gjort no slik at prosjektet er klargjort for ei eventuell løyving i 2015. Dette er eit mindre prosjekt på marginalista.
- Fv. 53 Fjellsikring Finnsåstunnelen vest vert redusert med 0,5 mill. kr pga. billegare tilbod.

#### Ordinære investeringar på fylkesveg

Budsjettet til ordinære investeringar vert samla auka med 26,8 mill. kr.

Endringar i Tertial 1/14	Beløp (1 000 kr)
Overført mindreforbruk frå 2013	14,466
Samla auke i tertialrapport 1/14	12,357
<b>Sum</b>	<b>26,803</b>

Tilhøyrande finansieringsplan vert tilrådd endra slik:

Finansiering	Budsjett 2014	Tertial 1/14	Rev. budsjett-13
Driftsmidlar til investering	34,500	18,750	53,250
Føreset mva. komp.	36,300	5,000	41,300
Fondsmidlar	21,100		21,100
Låneoptak	135,200		135,200
Unytta lånemidlar		3,053	3,053
<b>Sum</b>	<b>227,100</b>	<b>26,803</b>	<b>253,903</b>

#### Overførte midlar frå 2013 – ordinære investeringar

Fylkesrådmannen legg opp til å overføre meir-/mindreforbruk frå 2013 til dei aktuelle prosjekta i 2014. Samla var mindreforbruket i 2013 på 14,446 mill. kr. Mindreforbruket er ikkje ei innsparing, men skuldast lågare utbetaling enn forventa i 2013. Fylkesrådmannen vil difor tilrå å løyve opp desse midlane i 2014 med 14,446 mill. kr.

#### Samla auke på ordinære investeringsprosjekt

Det blir rapportert om endringar som samla sett gir eit meirforbruk på 12,357 mill. kr på dei ordinære investeringsprosjekta i 2014. Endringar som skuldast forskyving mellom år vert følgt opp



med tilsvarende budsjettendring i 2015. Nokre av prosjekta vil krevje auka løyvingar i 2015 då prosjekta vert dyrare enn føresett. Auka finansieringsbehov i 2015 må løysast i samband med budsjettarbeidet for 2015. Det vert lagt opp til følgjande endringar:

Store prosjekt:

- Fv. 616 Sjørdal-Kolset (Bremanger II) vert redusert med 3,2 mill. kr ut frå prognose på forbruk i 2014. Løyvinga vert flytta til 2015.
- Fv. 60 Agjeld-Ugla vert auka med 22 mill. kr grunna blant anna raskare framdrift enn lagt til grunn i budsjettet. Det er behov for auka finansiering samla i prosjektet på om lag 6 mill. kr. Årsaka til dette er blant anna naudsynte endringar/utvidingar av prosjektet som vi ikkje tidlegare har innarbeidd i kostnadsoverslaget. Dette er auka tunnelprofil, sikring av fjellskjæring over tunnelpåhogg, ekstra plastring av sjøfylling og bygging av 230 meter veg som opphavleg låg i delparsellen Ugla-Skarstein. For å sikre den samla finansieringa av prosjektet i 2014 og 2015 er det såleis behov for å nytte 6 mill. kr av avviksfond Olden - Innvik.
- Avviksfond Olden-Innvik vert redusert med 6 mill. kr jf. omtale over. Dette avviksfondet med ei løyving på 19 mill. kr er knytt til delparsell Agjeld-Ugla.
- Fv. 60 Ugla-Skarstein: Løyvinga i 2014 er på 10 mill. kr. Dette skulle dekkje m.a. grunnnerv og førebuing av anbudsprosessen. Fylkestinget har i sitt vedtak presisert at arbeid på strekninga ikkje skal starte opp før regjeringa har bestemt framtidig trase for E39 Skei-Ålesund. Då regjeringa ikkje har bestemt trasevalet enno, har Statens vegvesen fått klarsignal til å starte arbeidet med arkeologiske undersøkingar til hausten. Dette for at prosjektet ikkje vert unødig forseinka. I samband med dette vert det nytta 1,8 mill. kr av løyvinga på 10 mill. kr. Arbeid med grunnnerv tek om lag 6 månader, slik at anleggsstart tidlegast kan skje vinteren 2015. Men dette er avhengig av når det blir gitt klarsignal om oppstart av arbeidet med grunnnerv og anbudsutlysing.

Mindre utbetringar:

- Fv. 333 Mørkridsdalen vert auka med 5 mill. kr. Hauge bru var i langt dårlegare stand enn føresett og reparasjonsarbeidet er meir komplisert og tidkrevjande. Dette fører til ein auke i prosjektkostnaden.
- Fv. 7 Kabelferje Hisarøy vert auka med 2,5 mill. kr. Ved dårleg vêr og høge bølger er det ved Mjånes fare for skade på både ferje og kai. Det er derfor nødvendig å bygge bølgedemping her. Dette har auka kostnadane i prosjektet.
- Fv. 391 Bygstad-Laukeland vert auka med 8 mill. kr. Prosjektet hadde eit meirforbruk i 2013 med 7,3 mill. kr som det ikkje er dekning for i 2014 budsjettet. I tillegg kjem kostnader med slutføring av prosjektet på omlag 0,7 mill. kr. Hovudårsaka til meirforbruket i 2013 var auka tunnallengd, meir vass- og frostsikring og auka bruk av sprøytebetong.
- Fv. 53 Naustbukttunnelen vert auka med 0,3 mill. kr. Prosjektet er avslutta med eit meirforbruk i 2013 og har difor behov for sluttfinansiering i 2014.

Gang og sykkelveg:

- Fv. 545 Kinnvegen: vert redusert med 18,4 mill. kr. Årsaka er dårlegare framdrifta enn det som var føresett i budsjettet. Midlane vert løyvd oppatt i 2015.
- Fv. 611 Naustdal kai-Sæle: vert auka med 2,3 mill. kr. Dette skal dekkje meirforbruk frå 2013 og kostnader med grunnnerv.

Til fordeling vegsektoren:

- Statens vegvesen har nytta fullmakta om overføring av varige innsparingar frå avslutta prosjekt til posten «til fordeling vegsektoren» på to prosjekt. Samla mindreforbruk på desse prosjekta er på 0,150 mill. kr. Desse midlane vert no nytta for å redusere det samla meirforbruket på ordinære investeringar.

I tillegg vil fylkesrådmannen varsle om kostnadsauke for to prosjekt som vil få økonomiske konsekvensar først i 2015. Desse prosjekta er:

- Fv. 365 Pilestredet bru: Høgare anbudsprisar enn venta. Behovet er ca. 4-5 mill. kr i 2015.

- Fv. 4 Utbetringar omklassifisering Gulen: Oppdatert byggherreoverslag gjev eit meirbehov på om lag 1,2 mill. kr i 2015.

Auka finansieringsbehov for desse prosjekta må vurderast i budsjett for 2015.

#### **4. RAPPORTERING PÅ FINANSPORTEFØLJEN OG KONSESJONSKRAFT**

Rapportering på finansporteføljen per 1. tertial vert no lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 1/14. Rapporten følgjer som vedlegg 5.

Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga følgjer som vedlegg 6.